

Effektiv vepsefelle.

29.07.2014



Tre vepsefeller på rekke og rad. Dei to til venstre inneheld fanta, sukker og tørrgjær medan fella til høgre inneheld vatn, sukker og tørrgjær. Klikk på bildet så vert det større.

**Vi håpar den usedvanleg gode sommaren skal være ei god stund enno. Dei siste dagane har mange erfart at irriterande veps har prøvd å øydeleggje idyllen på terrassen. Dette er ei velkjend og tiltakande plage utover sommaren. Særleg vert den aktiv når mat og andre godsaker skal nytaast.**

Mange har derfor teke i bruk effektive vepsefeller som er enkle å lage sjølv. Ein brukar ei plastflaske, gjerne 1,5 liter brusflaske. Ein skjer øvre delen av flaska, snur den og set den så ned i den nedre delen med tuten ned. Deretter fyller ein sot væske som skal friste vepsen i fella, nederst i flaska. Kva væske som er best er ikkje godt å seie. Nokre brukar brus, medan andre brukar saft. Nokre held seg til gul farge, medan andre brukar raud. Ofte sper ein på med ekstra sukker for å gjøre det ekstra fristande for vepsen.

Mange meiner fella vert ekstra effektiv om ein set til litt tørrgjær. Gassen som vert laga i gjæringsprosessen skal ha ekstra tiltrekning på det vesle iltre insektet. Eg trur dei fleste vert overraska over kor mykje veps som vert fanga. Ein plasserer sjølv sagt fellene eit stykke unna der ein oppheld seg.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.